

LANGFOSS OPP: NY TILSKIPING ÅKRAFJORDEN 3. JULI

Logo-konkurranse

Merkevarebygging

Eit kvart løp med respekt for seg sjølv må ha ein merkevarebyggande logo. Difor inviterer me alle som vil, til å prøva seg som logomakar.

Langfoss Opp er eit nytt løp for heile familien. Kl 1215 er det fellesstart for dei som ikkje vil stressa alt for mykje. Kl 1300 er det "racerklasse" med intervallstart (30 sekund mellom kvar deltakar).

Løypa: startar ved Langfoss Kiosk i Åkrafjorden, går på turiststien merka av Haugesund Turistforening, beint opp ca 2.5 km til Vardahaugen 640 m.o.h. Utruleg utsikt! Så går me inn til Langfoss-støl der det vert bading i elva og gratis grillmat sponsa av Åkrafjordtunet.

Premiering i løpet:

I denne klassen er det kr 1500 i 1. premie, kr 750 i 2. premie og kr 500 i 3. premie. Alle får spesiallaga kunstnardiplom med påført namn og tid. Resultatliste vert tilsend alle som gir arrangørane e-postadresse eller vanleg adresse. Trekking av 10 flotte trekkepremiar blant samtlege som fullfører!

Kondisarrangement:

Det betyr at løypa vert kontrollmålt så godt som mogeleg, klasseinndelt resultatliste og avslag i startpengane for medlemmar i Kondis (12500 medlemmar).

Frist innlevert logoframlegg: måndag 3. mai

Fyrstepremie: kr 500.- pluss 4 flaxlodd trekt blant alle innsende bidrag. Vinnar får og gratis panneband, caps eller t-skjorte med logoen påtrykt. Men - viktigaste premien er æra, og få logoen sin over alt.

Logoen er tenkt brukt i annonsar og alt reklamemateriell.

Logoen treng ikkje vera teknisk fullkomen. Me vil finna det beste framlegget og la fagfolk gjera finarbeidet om det trengst.

Tips: tenk deg logoen i ei annonse i Grannar, på t-skjorte, caps og på brevpapir. Logoen skal bygge merkevaren "**LANGFOSS OPP**" for dei tøffe....

Ein jury på tre personar som ikkje veit kven som har teikna framlegga, vil plukka ut vinnaren. Det vil seia at du leverer framlegget utanpå ein konvolutt, med namn, telefonnummer og adresse inni.

Arrangør er Fjordkafeen i samarbeid med Åkrafjorden Oppleving.

Send til: Einar Sellevold, Håland, 5590 Etne